



Medlemmane i fylkestinget

Dato  
LEIKANGER, 23.05.2016

## Møte i fylkestinget 14. og 15. juni 2016

Fylkesutvalet har vedteke å kalle inn til møte i fylkestinget

**14. juni 2016 kl. 10.00 på Hotel Alexandra, Loen.**

I samsvar med dette og i medhald av Kommunelova av 25. september 1992, vert du hermed kalla inn til møte i fylkestinget. Det vert møte i fylkesutvalet 13. juni kl. 17.00

Det er pliktig frammøte til fylkestinget. Dersom du meiner at du har lovleg forfall, ber eg om at søknad om forfall, stila til fylkesordføraren, snarast mogeleg vert sendt per e-post til:

Svein.hagard@sfj.no, med kopi til marit.silje.husabo@sfj.no

Søknaden må vere grunngjeven og godkjent av gruppeleiaren. Fylkesordføraren tek stilling til søknaden.

Kost og reiseutgifter vert refunderte med utgangspunkt i frammøte mandag 13. juni 2016. Tidspunkt for frammøte fastset gruppene sjølv ved innkalling til gruppemøte. **Det er tinga overnatting på Hotel Alexandra. Dersom du ikke ynskjer overnatting, gje beskjed til hotellet på tlf. 57 87 50 00.** Eg legg til grunn at tingseta vert avslutta 15. juni.

Når det gjeld bruk av eigen bil, viser eg til regulativet for fylkeskommunalt tillitsvalde. Dette finn de i "Arbeidsvilkår for folkevalde" på heimesida til fylkeskommunen, [www.sfj.no](http://www.sfj.no) – under Politikk og reglement og rutinar. Kap. 6 lyder: "Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og oppholdsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet. Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt. Fylkestingmedlemer som bur heime eller privat under tingseta skal ha kost- og overnattingsgodtgjersle etter regulativet, men slik at dagane vert rekna som ei samanhengande reise". Eg minner om at dei som nyttar eigen bil pliktar å samordne reisa med andre tillitsvalde.

Saksførelegg i sakene som skal handsamast vert sendt dykk elektronisk i OneNote. I tillegg vert dei publisert på heimesida – [www.sfj.no](http://www.sfj.no).

Med helsing

Jenny Følling  
fylkesordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*